

**Sakshandsamar:**

Eva Solhaug Fosshagen

E-post: Eva.Fosshagen@sfj.no

Tlf.: 57638067

Vår ref.

Sak nr.: 15/8218-9

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

44177/15

Dykkar ref.

Arne Bjelde Hustveit
Tjødnali 34
6856 SOGN DAL

Dato
LEIKANGER, 08.10.2015

Oppheving av vedtak om gratis skuleskyss

Viser til søknaden om skuleskyss innlevert til Sogndal vidaregåande skule 17.08.2015.

Opplæringslova § 7-2 seier at elevar som bur meir enn seks kilometer frå skulen har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når vi måler avstanden heim – skule, måler vi den vegen det vil vere naturleg å gå dersom eleven skal gå strekninga. Avstanden heim – skule for deg måler vi til 5 750 meter.

Det står i vedtaksbrevet som følgde med skuleskysskortet, fjerde avsnitt at avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket vert oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss. Det er høve til å klage på vedtaket etter forvaltningslova.

På bakgrunn av at avstanden mellom heim og skule er under seks km, må du levere inn att skuleskysskortet du har fått uteleverert. Dette må du gjere innan 22.10.2015.

I motsetning til § 7-1 i opplæringslova som seier at elevar i grunnskulen har rett på gratis skuleskyss når dei har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, omhandlar § 7-2 skyss og innlosjering i den vidaregåande skulen. Denne paragrafen seier ikkje noko om at elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Alderen på elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er dei optimale.

Vedtaket kan klagast på etter forvaltningslova. Klagefristen er tre veker frå du mottek brevet.

Med helsing

Velaug Veum
fylkessdirektør

Eva Solhaug Fosshagen
rådgjevar

Kopi til: Sogndal vidaregåande skule

